



Arkivnr: 2019/1432-1

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		12.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 1 - 2019

Samandrag

Saka gjeld fordeling nr. 1 i 2019 av løyving knytt til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Samla løyving i 2019 er på 75 million kroner. I saka rår ein til at det vert løyvd 26,95 million kroner til pågåande prosjekt ved Sandsli vgs. slik at vedtatt kostnadsramme på 67 million kr. er finansiert.

Det tidlegare gymnasbygget ved Odda vgs har behov for utbetring for å tilfredsstille krav til universell utforming. Det er rådd til at ein løyver 4,5 million kroner til dette.

Vidare rår ein til at det vert løyvd 1,5 million kroner til vidareføring av arbeidet med dokumentasjon av UU tiltak og oppdatering av nettportalen «Bygg for alle».

Økonomi: For Sandsli er løyvinga er i samsvar med tidlegare vedtak knytt til finansiering av prosjektet. Generelt gjeld at alle prosjekt blir finansiert innanfor frå rammeløyving til Rehabilitering/mindre tilbygg i skulesektoren i budsjettet for 2019.

Klima: Ingen kjende effektar.

Folkehelse: Målet med tiltaka er å gje betre læringsmiljø, og betre tilhøva i forhold til personar med særskilte behov.

Regional planstrategi: Tiltaka vil være eit ledd i nå mål vedteke i skulebruksplan.

Forslag til innstilling

Det vert gjort følgjande endringar i budsjettet for 2019:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	626.020.00	02320	06038	Sandsli vgs. – Ombygg/rehabilitering	26 950 000	
10	777.025.00	02300	00209	Universell utforming – Dokumentasjon	1 500 000	
10	628.020.00	02320	02173	Odda vgs – Universell utforming	4 500 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		32 950 000
				32 950 000	32 950 000	

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.02.2019

I budsjettet for 2019 er det løyvd 75 mill. kr. til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren. I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande tiltak.

Sandsli vgs. - Ombygging / Rehabilitering

For Sandsli vgs. er det tidlegare, i fylkestingssak 10/2018, frå mars 2018 gjort vedtak om ei samla kostnadsramme på 67 million kroner. I same vart det løyvd 34 million kroner som første del av finansieringa. Vidare løyvde i fylkesutvalet ytterlegare 6,05 million kroner i sak 258/2018.

Framdrifta prosjektet har vore god og ein nærmar seg sluttoppgjær for prosjektet, i samsvar med tidlegare vedtak er det difor behov for å finansiere resten av kostnadsramme på totalt 26,95 million kroner. Ein rår til at restbeløp på 26,95 million kroner vert løyvd frå inneverande års løyving til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren.

Universell utforming – Dokumentasjonsarbeid

Fylkeskommunen nyttar mellom anna nettportalen « Bygg for alle» til å informere om korleis fylkeskommunale bygg, primært skular og tannklinikkar, er utforma i forhold til universell utforming. Ein har sett at informasjonen som ligg ute på denne portalen ikkje alltid er heilt oppdatert. For å gje ein god informasjon til brukarane var og er det behov for å gjennomgå og oppdatere kva tiltak som er gjennomført på fylkeskommunale bygg dei siste åra. I FU-sak 51/2017 vart det gjeve ei løyving på 1 million kroner til å starte på dette arbeidet. I FU-saka er det også vist til mellom anna behovet for utarbeiding av rutiner og behovsvurdering i forhold til framtidige behov. Samla kostnad var ikkje vurdert i saka.

Startløyvinga på 1 million kroner er no brukt opp. Ein ser at dokumentasjonsarbeidet er nyttig både i forhold til å få oppdatert informasjonen, men og i forhold til planlegging av framtidige tiltak. Framleis gjenstår svært mange skular og tannklinikkar, og ein rår til at prosjektet vert prioritert innanfor årets løyving til ombygging/rehabilitering av skulebygg, og at det vert løyvd 1,5 million kroner til prosjektet frå inneverande års løyving.

Odda vgs. – Universell utforming Gymnasbygget

Skulen har dei siste åra vore gjennom ei større rehabilitering / utbygging som no er i slutfasen. Rehabiliteringa har vore knytt opp mot dei areala som vert nytta til yrkesfag. For det tidlegare gymnasbygget er det fortsatt fleire bygningsmessige tiltak som må gjennomførast før bygget tilfredsstillar gjeldande krav til universell utforming.

Basert på kalkyle rår ein til at det vert løyvd 4,5 million kroner til prosjektet frå inneverande års løyving til Ombygging/Rehabilitering av skulebygg.